

Årsrapport 2017

Fagnettverk barn og unge FOUSAM



Innhold

| | | |
|-----|---|---|
| 1. | Om nettverket | 3 |
| 1.2 | Organisering av nettverket..... | 3 |
| 1.3 | Medlemmar av ressursgruppa for Fagnettverk barn og unge 2015: | 3 |
| 2. | Aktivitet i nettverket | 4 |
| 2.1 | Møta i ressursgruppa for nettverket..... | 4 |
| 3 | Arbeidsområda for nettverket | 5 |
| 3.1 | Kompetanse:..... | 5 |
| 3.2 | Utviklingsarbeid/prosjekt | 6 |
| 3.3 | Pasientforløp/tiltakskjede | 7 |
| 3.4 | Oversikt og informasjon | 7 |

1. Om nettverket

Fagnettverket Barn og unge, vart etablert våren 2015. Bakgrunn for etableringa var innspel til FOUSAM frå kommunar i regionen, at dei såg behov for ei samordning og betre oversikt på kontaktpunkt med føretaket innafor kompetansedeling, prosjekt og arbeidsgrupper med meir. FOUSAM gjorde på oppdrag frå Samhandlingsutvalet¹, ei utgreiing i samarbeid med føretaket og med innspel frå kommunane. Denne bekrefta behovet for eit fagleg nettverk med fokus på barn og unge.

Nettverket er oppretta av og har fått mandat frå Samhandlingsutvalet . Fagnettverket er forankra i samhandlingsstrukturen i regionen, med samarbeid mellom kommunane, Høgskolen Stord/Haugesund og Helse Fonna HF. Eining for forskning og utvikling innan samhandling, FOUSAM www.fousam.no, har ansvar for å starte opp faglege nettverk, følgje opp arbeidet og ha kontaktperson i alle nettverk.

Nettverket er tverrfagelg samansett og har representantar frå både oppvekst ved helse og førebyggjande arbeid, brukarutval, høgskule og ulike område i spesialisthelsetenesta. Kompetanse på både utøvande nivå og leiarnivå er ivareteke.

I mandatet for nettverket heiter det:

«Målet med nettverket er å bidra til koordinering av kompetansetilbod, utviklingsarbeid og tiltak/prosjekt, for slik å sikra likeverdige tenester til barn og unge i Helse Fonna sitt opptaksområde.

Nettverket skal sikre system for å bringe opp aktuelle tema for fellesprosjekt og ha oversikt på kompetansedeling og tilbod. Nettverket skal bidra til å avdekke flaskehalsar og overlappende samarbeidsområder.»

1.2 Organisering av nettverket:

Fagnettverket med fokus på barn og unge er organisert med ei ressursgruppe som representerer alle partar og instansar som varetek barn og unge med helseutfordringar og deira pårørande. Representantane i ressursgruppa har ansvar for god kommunikasjon med partane/instansane dei representerer.

1.3 Medlemmar av ressursgruppa for Fagnettverk barn og unge 2017:

Leiar av nettverket:

Linda Hellen, verksemdsleiar i Barne - og Familietenesta Bømlo kommune og representant for kommunane i Sunnhordaland

E-post: linda.hellen@bomlo.kommune.no

Kontaktperson frå FOUSAM og sekretær :

Sølvi Heimestøl, rådgjevar FOUSAM

E-post: solvi.heimestol@helse-fonna.no

¹ Meir om [Samhandlingsutvalet](#) i Helse Fonna-regionen

Medlemmar:

Bårdsen, Kjersti Rikke Nygaard, funksjonsleiar Familieambulatoriet Helse Fonna

E-post: KjerstiRikkeNygaard.Bardsen@helse-fonna.no

Jorid Veia Isdah, helse- og førebyggingsjef Tysvær kommune, Hauglandsløftet

E-post: jorid-veia.isdahl@tysver.kommune.no

Anne Brit Bjerkenes: anne.britt.bjerkenes@haugesund.kommune.no

Åshild Lien, funksjonsleiar BUP Stord, Helse Fonna

E-post: ashild.lien@helse-fonna.no

Ellen Andreassen, funksjonsleiar KIDSA, BUP Haugesund Helse Fonna, (frå des. 2015)

E-post: ellen.andreassen@helse-fonna.no

Lars Kvinge, høgskulelektor, Høgskolen Stord /Haugesund (HSH)

E-post: lars.kvinge@hvl.no

Laila Stensletten, Brukarutvalet i Helse Fonna

E-post: laila.stensletten@sklbb.no

Emma Sofie Pedersen: representant frå Ungdomsrådet i Helse Fonna

E-post: emmasofie2001@hotmail.com

Madeleine Hjelmevoll: representant frå Ungdomsrådet i Helse Fonna

E-post: _Made96@live.no

Kari Vik Stuhaug, familieterapeut Lærings- og mestringssenteret Helse Fonna og Barn som pårørande

E-post: kari.vik.stuhau@helse-fonna.no (til og med febr.17)

Roger Hartvedt: familieterapeut og sosionom, Klinik for psykisk helsevern, Valen sjukehus og barn som pårørande. (frå og med mars 17.)

Lars Johan Lysen, kommunelege Tysvær, Helsestasjonsforum for Helse Fonna området og PKO

E-post: lars-Johan.Lysen@tysver.kommune.no

Nora Beth Lunde Nielsen, funksjonsleiar Barneseksjonen, Helse Fonna

E-post: nora.beth.lunde.nielsen@helse-fonna.no

Elin Eggestøl Børve, kommunepsykolog Odda og representant for Hardangerkommunane

E-post: elin.g.e.borve@odda.kommune.no

John Conrad Brandsø, seksjonsleiar Habilitering/læring og mestring, Helse Fonna

E-post: john.conrad.brandso@helse-fonna.no

2. Aktivitet i nettverket

2.1 Møta i ressursgruppa for nettverket

Ressursgruppa har hatt fire møte i 2017 i febr., mai, sept., og desember. I handlingsplanen er det sett mål om 2 møte per halvår. Møta har vore i Haugesund og Tysvær, etter medlemmane sitt ønske. Ressursgruppa meiner det er viktig å møtast fysisk for å ivareta prosessen i gruppa, det å bli kjent på tvers av nivå, seksjonar, profesjonar og for å inkludere brukarkompetanse på ein god måte.

Ressursgruppa representerer engasjerte og kompetente personer som er utvalt av sine organisasjonar. Medlemmane har til saman brei og ulik erfaring frå møte med barn og unge. Gruppa har slik eit godt utgangspunkt for å få fram vurderingar kring beste praksis.

Møtestrukturen som er utvikla i FOUSAM vert nytta i møta. Me erfarer at den bidrar til at deltakarane får svar på sine «bestillingar» til møtet, det er lettare å førebu seg, alle deltar i dialogen, ein får delt informasjon og bidrar til nyttig balanse mellom plenumsdialog og smågrupper. Møta vert evaluert kvar gong slik at me følgjer utviklinga i gruppa og kan forbetra strukturen for møta. Respekt for kvarandre sin ståstad saman med tryggleik i gruppa, er ein viktig faktor for å få fram alle innspel.

Brukarrepresentasjon

Ressursgruppa har hatt to brukarrepresentantar frå brukarutvalet som har erfaring og interesse for barn og unge. Heilt frå fagnettverket vart starta har det vore meininga at minst ein av brukarrepresentantane skal være ungdommar. Da ungdomsrådet i Helse Fonna vart etablert våren 2017, fekk fagnettverket 2 representantar derifrå. Det har vore svært positivt med deira perspektiv inn i arbeidet vårt, dei har erfaring frå både somatiske og psykiske helsetenester.

3 Arbeidsområda for nettverket

Ressursgruppa har ut frå mandatet valt å dele arbeidet inn i hovudområda kompetanse, utviklingsarbeid/prosjekt, pasientforløp/tiltakskjede, og oversikt/informasjon. Handlingsplanen for 2017 har vore grunnlaget for arbeidet.

3.1 Kompetanse:

Helsestasjonsforum

Helsestasjonsforum er knytt til Fagnettverk barn og unge, drive av Tysvær kommune ved Lars Johan Lysen, som er kontaktpersonen inn i arbeidet frå nettverket. Han rapporterer frå møta, drøfter utfordringar og får innspel til tema frå medlemmane i nettverket. Stein Roar Kringeland, fastlege i Haugesund, leiar Helsestasjonsforum saman med Lysen. Det har vore god og tverrfagleg representasjon frå kommunane i heile Helse Fonna-regionen på møta, nokre har delteke elektronisk. Formålet med helsestasjonsforum er tredelt:

1. Auka fagleg kompetanse i arbeidet med barn og unge
2. Betre samarbeid mellom ulike faggrupper som arbeider med barn og unge
3. Betre samarbeid over kommunegrensar og samhandlingsnivå

Møta er godkjende som møteserie for spesialitet i allmenntilleg medisin med 3 poeng for kvart møte. Helsestasjonsforum er eit fagforum for personell som arbeider med barn og ungdom i aldersgruppa 0-20 år etter Helsestasjonsforskrifta. Samarbeid med spesialisthelsetenesta med faglege innlegg og deltaking i møta er viktig.

Det har vore gjennomført 3 møte i forumet dette året som har hatt tema (Lars Johan)

- Betre tverrfaglig innsats
- Ernæring
- Ulike syndrom

Spe og småbarnsdagane

Arbeidsgruppa for arrangementet er knytt til Fagnettverk barn og unge. Elin E. Børve, er kontaktperson i arbeidsgruppa frå nettverket. Ho rapporterer frå arbeidet, drøftar utfordringar og får innspel frå nettverket. Spe- og småbarnsdagane vart gjennomført for første gong i 2014 i regi av samhandlingsprosjektet «Dei viktige små» ved BUP Haugesund, Helse Fonna. Arrangementet var eit

svar på fagfeltet sitt behov for auka kompetanse på tvers, om dei minste barna. Etter innspel frå nettverket har arbeidsgruppa sia 2016 hatt representasjon frå Medisinsk klinikk i Helse Fonna ved Barneseksjonen, noko som sette sitt preg på programmet og gitt breiare markedsføring. Sped- og småbarnsdagane 23.-24.nov. 2017 vart planlagt og gjennomført av ei arbeidsgruppe på tvers av kommunar og Helse Fonna, og der BUP Stord leia arbeidet. BUP Haugesund og BUP Stord har hovudansvar annakvart år og fagdagane vert arrangert anten i Haugesund eller på Stord. Målgruppa er helsesøstrer, jordmødrer, barnehagar, pedagogar, fastlegar, personell ved fødeklinnikk og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, PPT, barnevern, psykologar og andre som arbeider med barn og familiar. Tema i 2017 var «Dei sårbare små og viktige vaksne» med fokus på barnet når familien strevar. Det var god oppslutnad og gode evalueringar, noko som viser at dette er ein viktig arena som er aktuell og engasjerer på tvers av nivå, sektor og profesjon. Lenke til program og omtale [her](#).

«Treff meg» - Kurs for helsepersonell som arbeider med ungdom

I oktober 2017 arrangerte Fagnettverk barn og unge i samarbeid med nettverk for læring og mestring i Helse Fonna-regionen og FOUSAM, to dagars kurs for helsepersonell som arbeider med ungdom. Kurset hadde fokus på ulike element i samspelet mellom helsepersonell og ungdom, og korleis helsearbeidaren kan bidra til å auke mestringsevne hos den unge. Kurset hadde rundt 40 deltakarar og vart godt evaluert. Lenke til program og omtale på fousam.no.

3.2 Utviklingsarbeid/prosjekt

Prosjekt Barn og unges helsetjeneste

Fagnettverk barn og unge er referansegruppe for prosjektet Barn og unges helseteneste. BUP i Helse Fonna er prosjekteigar, har samhandlingsmidlar frå Helse Vest. Prosjektleiar Ester Espeseth og prosjektmedarbeidar Ingrid Øritsland Våge, frå BUP Haugesund, har gitt status, løfta fram utfordringar og fått innspel frå nettverket.

Formål med prosjektet har vore å utvikle samanhengande, heilskapelege pasientforløp på tvers av spesialist- og kommunehelseteneste, disse skal vere tilgjengelege for alle aktuelle instansar i både kommune og føretak. Både pasient, pårørande og fagpersonar treng tryggleik og bevisstgjeringsom kven som gjer kva og når. Prosjektet har hatt brei kommune- og brukarinvolvering i alle arbeidsgrupper og har nytta Legeforeninga sin gjennombruddsmetodikk som inspirasjon i gjennomføring, involvering og samarbeid. BTI-modellen har vore nytta som grunnlag for oppbygging av forløpa. Fem pasientforløp/samhandlingsforløp var planlagt inn i prosjektet: spisevanskar, autisme, angst, barn 0-3 år og alvorlege traumer. Prosjektperiodevar jan - des. 2016, med siste slutføring av første del juni 2017.

Prosjektet har fulgt planen og starta med fase to av prosjektet hausten 2017.

Betre tverrfaglig innsats (BTI)

Fagnettverk barn og unge er referansegruppe for satsinga og følgjer utviklinga i vår region for prosjektet Betre tverrfagleg innsats. Anne Britt Bjerkenes og Sølvi Heimestøl, er kontaktpersonar inn i prosjektet og rapporterer frå arbeidet, drøftar utfordringar og får innspel frå nettverket. Prosjektleiar Bernt Netland er prosjektleiar og held kontakten med kontaktpersonane.

Om prosjektet Betre tverrfagleg innsats

BTI er system for tidleg å fange opp barn som ein er bekymra for og inneber einlogg og stafettpinne

(vite kven som har ansvar for «bekymringa» til ei kvar tid»). Det er ein trappetrinnsmodell der ein prøver å følgje opp på nivå nærast barnet og der alt er i tett samarbeid med foreldre. Det er ei stor satsing på BTI i regionen vår og modellen er anbefalt av Helsedirektoratet som utlyser midlar til utbreiing med jamne mellomrom. I vårt område var Haugesund, Tysvær, Utsira og Stord modellkommunar, og i desember 2017 var heile 14 kommunar i regionen med på BTI satsinga; Sauda, Suldal, Etne Kvinnherad, Vindafjord, Sveio, Bømlo og Fitjar, Odda og Ullensvang. Prosjektet handlar om å samordne og støtte innføring av BTI modellen og integrere satsinga i samhandlingsstrukturen i Helse Fonna-regionen.

I prosjektet samarbeider og koordinerer alle aktuelle instansar innsatsen sin, både lokalt og regionalt. Deltagande partar: Kompetansesentra RVTS (Regionalt senter for vold og traumatisert stress), RKBU (Regionalt kunnskapsenter barn og unge), Statsped og KORUS (Kompetansesenter for oppvekst og rus), føretaket Helse Fonna og Fylkesmann i Rogaland og Hordaland. KORUS vest gjev prosjektleiar og FOUSAM er involvert i prosjektet. Lenke til omtale av prosjektet på fousam.no.

Foreldregruppe i barnehagen

Fagnettverket har gitt gode innspel til prosjektet og formidla kontakt med aktuelle samarbeidspartar. Prosjektet vart først gjennomført i Tysvær kommune i eit samarbeid mellom kommunen (helsesøstertenesta og barnehagane i kommunen), Helse Fonna og FOUSAM. I prosjektet fekk foreldre som har barn med varig helseutfordring, tilbod om å delta i foreldregruppe i barnehagen. Etter gjennomføringa i Tysvær starta Bømlo hausten 2017 planlegging av liknande tilbod etter erfaringar og modell frå Tysvær kommune. Erfaringar frå Tysvær viser at samarbeid mellom barnehage og helsestasjon er nyttig og gjev god kvalitet på tilbod til foreldre. At spesialisthelsetenesta og FOUSAM er med i oppstartsfasen av nye lærings og mestringstilbod i kommunen, er viktig for å lukkast. Lenke til omtale og brosjyre på fousam.no.

3.3 Pasientforløp/tiltakskjede

Samarbeidsavtalane i regionen

Samhandlingsutvalet har valt å knyte faglege nettverk til samarbeidsavtalane ved å involvere nettverka aktivt i evalueringsprosess og i oppfølging av avtalane.

Arbeidsgruppe barselomsorg

Nettverket fekk meldt bekymring frå praksisfeltet om at barselomsorga i overgangen mellom sjukehus og heim ikkje alltid fungerer godt, og oppretta difor ei arbeidsgruppe hausten 2018. Den skal sjå på korleis tenesteavtale 8 som fordeler oppgåver og ansvar, kan følgjast betre opp i praksis. Arbeidsgruppa har til saman lang og brei erfaring frå både kommune og sjukehus som helsesøster, jordmor, lege og brukarrepresentant. Deler av arbeidsgruppa var allereie i gong våren 2017 og arrangerte fagdag om amming for bade kommunane og føretaket.

Haugalandsløftet

Haugalandsløftet vart avslutta som prosjekt i 2017. Fagnettverket erfarte at Haugalandsløftet fekk til kommunikasjonslinjer mellom kommunane og på tvers av pedagogikk og helse. Prosjektet utnemnte òg representantar til fagnettverket frå Haugalandskommunane og har vidareført informasjon til og frå nettverke. Fagnettverket gav innspel om at kommunikasjonslinjer matte vidareførast, at BTI-strukturen var ein god måte å vidareføre arbeidet på, og at fagnettverket kunne sørge for oversikt på

kompetansetilbud i regionen på FOUSAM si nettside.

3.4 Oversikt og informasjon

Nettside

Fagnettverket er omtala på FOUSAM sine sider med kontaktinformasjon, mandat og handlingsplan. Her finn ein òg informasjon om aktuelle kurs for dei som arbeider med barn og unge.

Informasjonsdeling

Ressursgruppa er samansett av representantar frå alle samarbeidspartar i Helse Fonna-regionen; kommunar, HVL, føretak og brukarutval. I tillegg er det tett kontakt til barnehage/skule, oppvekst og kultur, noko som legg til rette for god oversikt på «kva som skjer» av prosjekt og utviklingsarbeid, kompetansebygging og samarbeid. Ressursgruppa deler med kvarandre som fast del av møtestrukturen og alle har ansvar for å bringe vidare i sine organisasjonar. Medlemmane nyttar e-post til å dele med kvarandre mellom møta. Kommunerepresentantane representerer fleire kommunar, 1 representerer Hardangerkommunane, 1 Sunnhordalandskommunane og 2 Haugalandskommunane via Haugalandsløftet. Dette utfordrar lokal spreining til sine område og representantane nyttar allereie etablerte fora og samlingar i dette.

For ressursgruppa i Fagnettverk barn og unge
Sølvi Heimestøl, sekretær